

## **Klage på vedteken detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad - gnr 127 bnr 91 - planid 46312020006 - Alver kommune – Tilsvar.**

Vi viser til klage frå Vestland fylkeskommune datert 14.07.22. Klagen omhandla trafikkanalysen, tilhøvet til kommunedelplan, trafikktryggleik og rekkjefølgjekrav. Under følgjer tilsvar frå Alver kommune, sett opp etter same tema som i klagen.

### **Trafikkanalyse**

Vurdering av utforming av kryss: Basert på dagens trafikk er det ikkje trong for oppgradering av krysset til fv. 57. Aktivitet frå etablering i vedteken detaljreguleringsplan vil redusere trafikken i krysset til fv. 57. Det vert difor vurdert at det ikkje er forslagsstillar sitt ansvar å vurdera utforming av eit kryss som har tilstrekkeleg kapasitet til dagens- og planlagt framtidig aktivitet (jf. kap. 3.1 i trafikkanalysen) og der ny plan legg til rette for redusert planlagt trafikk i krysset (jf. kap. 3.2 i trafikkanalysen).

Trafikkteljning i pandemien: Trafikken til og frå Mongstad Base har truleg vore lite påverka av pandemien. Det meste av trafikken er relatert til varetransport og då berre i liten grad av om funksjonærar sit på heimekontor eller er fysisk til stades på arbeidsplassen.

### **Forhold til kommunedelplan**

Tunnel: Grunnlaget for tunnel-trasè i KDP var hovudsakleg container-flyten frå den planlagde nye Bergen Havn. Ein gjekk seinare bort frå plassering av regional hamn på Mongstad, og med det også etablering av tunnel. Ein eventuell auke i trafikken vil soleis ikkje vere relatert til tunnel frå Hope.

GS-veg: Planlagde gang- og sykkelveg (som er etablerte), er hovudsakleg meint for interntrafikk på basen.

Vi viser elles til første kommentar i avsnittet «Trafikkanalyse».

### **Trafikktryggleik**

Auka trafikk: Det vert gjennom forslagsstillars plan lagt til rette for redusert trafikk i krysset ift. gjeldande plan (jf. kap. 3.2 i trafikkanalysen).

Grunnlagsdata: Sjå kommentar trafikkanalyse i teksten over («trafikkteljning i pandemien»). Vi kan ikkje sjå at det er grunn til å tru at teljingane ikkje er representative.

### **Rekkjefølgjekrav og kryss til fylkesveg 57**

Viser til første kommentar i avsnittet «Trafikkanalyse».